

## **Syssel- og gangveg frå Knapphus til Kårhus i Vats??**

**Vats Grendautval** har teke initiativ til å få fortgang i å planleggja sykkel- og gangveg på den 5 km sterkt trafikkerte vegstrekninga Knapphus - Kårhus. Dette er skuleveg til og frå Vats skule, er veg til og frå fritidsaktivitetar i Vindafjordhallen og til fotballbanen like ved, er arbeidsveg til og frå store og mindre arbeidsplasser/bedrifter i Vats, har stor gjennomgangstrafikk av store lastebilar/trailerar og personbilar heile døgnet både innante og utante etter at Ilsneset vart utbetra. Vegkrysset ved Knapphus mellom E 134 og Rv 46 må det også gjerast noko med.

**Grendautvalet** prøver å få til eit spleiselag av lokale firma/bedrifter og kommunen om å få dekkja utgifter til eit konsulentfirma som kan laga ein reguleringsplan for dette vegstykket. Grendautvalet har allereie hatt møte med ordførar Arne Bergsvåg og lokale bedrifter/firma om dette. Ordføraren er positiv til å hjelpe til her, men treng drahjelp. Grendautvalet har teke utfordringa og prøver å setja fortgang i dette viktige arbeidet. Slik reguleringsplan kjem fort opp i 250 – 300 000 kr. Utan at slik plan ligg klar, kan ikkje praktisk arbeidet setjast i gong om det skulle dukka opp pengar frå eit prosjekt.. Uansett må denne vegstrekninga prioriterast høgt på trafikksikringsplanen. Dette er eit sterkt etterlengta trafikksikringstiltak som grendautvalet har teke opp og sendt skriv om fleire gonger.

Øvre Vats 1. sept. 2011

Jon Olav Velde  
-leiar i Grendautvalet-